# Helgedagen

DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 5 - Desember 2021 53. årg.



## Og finner du ham i krybbens hø...

side 12









Ny kyrkjelydspedagog side 4

Til den som manglar side 6

Jul i Sierra Leone side 8

Familiefokus side 10

## BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne
Inngang frå Saronsbrotet
heimeside: www.timekyrkja.no
e-post: kyrkjekontoret@timekyrkja.no
Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon TIme og Undheim: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919
Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf 911 63 039
Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 51 77 03 77
Assisterande kyrkjeverje: Siri Vik tlf. 906 43 758
Kyrkjeverje: Gunnar Bjorland Stone tlf. 406 01 079
Prosjektleiar Ung i Time: Asle Steinbru tlf. 979 79 771

**Time**
Heimeside: timekyrkja.no/time-sokn
Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874
Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar helg: Elen Fosse tlf. 981 89 102
Sokneрådsleiar: Marianne Hauge tlf. 481 14 974
Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Klokkar: Oline Høie Hetland tlf. 400 80 674
Ungdomsarbeidar Lye: Martin Berge tlf 958 35 364
Kyrkjetenar ved gravferd:
Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

**Lye forsamlingshus**
Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

**Bryne**
Heimeside: www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Kyrkjelydspedagog: Tone Vold tlf. 918 81 818
Administrasjonleiar:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77
Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar:
Jostein Aa. Tollaksen tlf. 909 88 880
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Kyrkjetenar helg: Arne Espevik tlf. 909 70 522
Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf.466 56 825

**Undheim**
Heimeside: www.undheimkyrkja.no
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Ungdomsarbeidar Eline Fosse tlf. 454 83 455
Sokneprest vikar: Roald Byberg tlf. 400 38 028
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@timekyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no




# Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet. Josef òg fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herberget.

Det var nokre gjætarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei fælande redde. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det født dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

*«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i!»*

Då englane hadde fare frå dei og attende til himmelen, sa gjætarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjætarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjarta sitt og grunda på det. Og gjætarane vende attende, medan dei lova og prisa Gud for det dei hadde høyrt og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.

Framside: Barnehagen på tur - Foto: privat


Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad og Arnfinn Vigrestad.
Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.
Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 27. januar

# Må lyset leia oss til Jesus

Tenner du lys i adventstida? I haust vart eg merksam på artisten Anna-Lisa Kumoji. Ho fortel om krevjande år etter ei livstruande ulukke og andre vonde hendingar. Bodskapen hennar er at sjølv om livet kan gje tunge og mørke erfaringar, vil det alltid finnast eit lys. Og at viss du ikkje finn det lyset: Be om hjelp.

Lyset kan bera oss gjennom mørketida. Trygve Hoff set ord på noko eg kjenner meg igjen i. Gud er der og ser oss, sjølv om det er mørkt. «Du ser oss i mørketidslandet. Du signe med evige ord. Husan og fjellet og vannet og folket som leve her nord.»

Lys er eit viktig symbol i fleire religionar og livssyn. I den kristne jula er det lyset frå Jesus som skin for oss – og kan skina i oss. Av og til kjem trua til oss på uvante vegar. Ein ateist fortel at då han las i Johannes-evangeliet om Ordet som vart menneske, då «var det som nokon skrudde på eit lys, så han kunne sjå ting klart for første gong».

Me har bak oss ei tid me kjem til å hugsa. Kva var det me sakna då samfunnet stengde ned? Sjølv om eg fekk forkynna på ulike kanalar, sakna eg å sjå lyset i andre sine augo. Den levande forsamlinga med smil og tårer kan ikkje erstattast av gode sendingar på skjerm. Kan lyset frå skjermane våre av og til vera meir i vegen enn til hjelp?



I tida fram mot den store feiringa av han som er lyset for verda, vil eg tenna lys og møta andre ansikt til ansikt.

Kven har du som vert glad av å sjå deg? Er det nokon som treng at du tenner eit lys for dei?
«I'm beginning to see the light» syng namne-systera mi Anna-Lisa. Må Gud late sitt lys skina over oss og leia oss til Jesus, heilt enkelt.

Og sjå, stjerna som dei hadde sett koma opp, fór føre dei heilt til ho vart ståande over staden der barnet var. Då dei såg stjerna, vart dei umåteleg glade. Dei gjekk inn i huset og fann barnet hos mora, Maria. (Matteus 2,9-11)

Med ynskje om ei signa adventstid

Anne Lise Ådnøy
biskop

**KIRKENS NØDHJELP**
actalliance

Mamma Weedad Ahmad Al-Khalaf er bekymret for fremtiden til datteren Talia på ett år. Det er ingenting for dem å gjøre i flyktningleiren i Bekaadalen, og de har hele livet på vent. Du kan lese mer på:
**www.kirkensnodhjelp.no**



**Du kan vera med og hjelpa familiar i nød: Vipps eit valfritt beløp til 2426.
Send GÅVE på sms til 2426 og gi 250 kroner.
Gåvekonto: 1594.22.87248**

# Ny kyrkjelydspedag

Tone Vold (43) har begynt som trus-opplærar, 60%, og konfirmantarbeidar, 20%, i Brynekyrkja.



TEKST OG FOTO: LIV HELENE Ø. HÅLAND

Tone er ekte Bryne-jente, fødd og oppvaksen her. Ho har budd nokre år på Vigrestad, men bur nå med mann og 3 born på Bryne. Ho er førskulelærar, med særleg vekt på småbornspedagogikk, 0–3 år. Eitt år på bibelskule i Grimstad har ho òg fått tid til. Tone har alltid drive mykje med musikk, og det er noko ho får brukt vidare i den nye stillinga ho har gått inn i.

Arbeidserfaring har ho frå omlag 20 år i barnehage, av dei 13 år i Tryggheim barnehage.Tone er difor godt kjend med trusformidling for dei små. Sjølv om spranget er stort opp til konfirmantalder, hjelper det godt på å ha eigne tenåringar i huset! Nå skal ho ha medansvar for aldersgruppa 0–18 år, så ho gler seg til mange nye spennande utfordringar framover. Då er Tone glad for å ha røynde folk rundt seg på kontoret. Ho skryter av den fine staben på Kyrkjekontoret, som har teke så vél mot henne – med opne armar, som ho seier.
Tone vil så gjerne få formidla trua til unge, vera ei støtte for konfirmantane og gjera born og unge trygge i trua si. Frå babysong og oppover, ser ho fram til å få følgja med – på reisa i trua deira. Drivkrafta hennar er å få formidla vidare det ho sjølv har fått: Å vera trusformidlar – gje trua vidare.
– Det er stort å få jobba med det som betyr mest for meg i livet! Det er ei velsigning!




TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. **kirkens-sos.no**

SOS 22 40 00 40

SOS MELDING

SOS CHAT

KIRKENS SOS

# Fire om jul

## Olaug Oma Kvia



**1. Kva betyr jul for deg?**
For meg er jul ei blanding av religion og tradisjon.

**2. Korleis feirar du jul?**
Eg startar adventstida med å pynte med englar og nissar. Juledagane er det familieselskap, tid til ro og ei julegudsteneste.

**3. Kva er din viktigaste juletradisjon?**
Julepynta hus, god mat og henta fram ei gamal, lita plastikk julekrybbe som eg ein gong kjøpte til farmor mi. Eg fekk krybba tilbake då Besta døydde på 60-talet.

## Alois Strassegger

**1. Kva betyr jul for deg?**



I juletiden opplever jeg vendepunkt ute i naturen der den slutter å trekke seg tilbake og dø. Naturen vender seg mot lyset og nytt liv igjen. Det er for meg også tiden der jeg kan bevisstgjøre at frihetens liv som kristen startet, da Kristus ble født. Det er bildene fra Betlehemsmarkene som har fulgt meg helt fra barndommen.

**2. Korleis feirar du jul?**
Vi prøver å samle hele familien. Gudstjenesten prøver vi å få med oss og etter det, er det selvsagt god mat og gaver.

**3. Kva er din viktigaste juletradisjon?**
Min barndoms jul var litt annerledes enn feiringen i Norge. I Østerrike var julekvelden fastedag og først etter «Christmette» – messen rundt midnatt – begynte festen. Jeg må nok innrømme at jeg foretrekker den protestantiske feiringen med ekstra god mat både julekvelden og første juledag! Men om det er pinnekjøtt eller lammelår som skal serveres til jul hjemme hos oss, overlater jeg til andre i familien å bestemme.

## Solvor Ueland



**1. Kva betyr jul for deg?**
Den store gleda! Gud ga sin eigen son for oss!

**2. Korleis feirer du jul?**
Julaftan manglar det to ved bordet hjå oss. Trass saknet, er det viktig for meg å tenkja på dei som er her no. Både liten og stor. Familien har flytta mykje, og difor har det oftast vorte kjernefamilien på fem som har vore saman. 1. juledag er den store dagen der mange er samla.

**3. Spesielle juleminne?**
Minne frå Hallingdal: Då me kom ut av kyrkjedøra etter gudsteneste julaftan, vart me møtte av lys på alle gravene og faklar ved inngangen til dei fleste husa. Det var høg snø og bitande kaldt. Frå gudsteneste julaftan i Nesbyen har eg eit veldig spesielt minne. Ca. 1200 menneske var samla i kyrkja. Presten Markvar Zarbel Eng, (det tyske namnet frå mor hans), avslutta preika med solosong: Har du intet rom for Jesus? Rom for Jesus, julens Konge-

## Daiva Venckeviciene -

I mitt hjemland, Litauen, feirer vi førjulstiden som en ventetid på Kristi fødsel, en renselse før jul.



Alt skulle være oppgjort, vi skulle være skyldfrie, «reine i sjela» før jul. På julaften var det familiesamling. Bordet var dekket, også med en tallerken til de som var døde. All mat denne dagen skulle være kald, uten fett eller rømme, «fattigmat». Det skulle være 12 retter av fisk, sild, salater, korn og valmuemelk, en slags suppe.

Den eldste i huset leste først fra Bibelen, så ble «Kristus-vaflene» sendt rundt. De fikk vi fra Kirken (romersk katolsk), og de ble knekt og delt rundt bordet – etter alder. Også på tallerkenen til de døde ble det lagt en «Kristus-vaffel». Alle sier takk til hverandre. Mor sa så at vi alle har så mye og god mat – og så kunne vi spise.




1. juledag var vi tidlig oppe, for vi skulle være i Kirken klokka åtte. Én måtte være hjemme, som regel den eldste, for maten skulle være på bordet da vi andre kom hjem. Det var middag i ti-tida: kokt, salta svinekjøtt med poteter, pepperrot og salater. Mor pleide å lage en spesiell kake som dessert. Etterpå hadde vi en avslappa dag, kanskje gjester senere på dagen.

Julegavene skulle egentlig vært 1. juledag, men vi fikk dem som regel på julaftan. Vi klarte ikke å vente!

# Mot jul med den tome plassen

## «den jula du lærde meg, den falmar aldri»

«Tenk om eg kunne nå lenger, få leva vidare i denne verda av song og musikk.» I Helgedagen sitt julenummer 2008 var dette draumen for Songfuglen frå Time, Signe Irene Time. Nå skriv me 2021, og går inn i adventstida. Jenta frå Time sit igjen framfor meg, 13 år eldre enn ved vårt første møte. Augo speglar glede, liv, ettertanke, og draumen frå år 2008 er nå sjølve livet. For vegen gjekk vidare frå Institutt for Musikk og Dans, Universitetet i Stavanger til Musikkhøgskulen i Oslo og vidare.

Tekst: Else-Marie Bue

Frå denne plattforma har songaren fått eit namn både i Norge og på scenar langt utanfor landegrensene. Vegen dit var verken brei eller brulagt.

Allereie som ung fekk ho tyngre bagasje enn venene sine. Far og mor skilde lag. Signe Irene valde då først å bu heime hos far. Mora blei seinare alvorleg sjuk. Gjennom denne perioden kjende ho som storesyster på stort ansvar i syskenflokken. Å bli morlaus som 24-åring var tungt. Det kviler alvor over tankane ho deler her.
– Kva kunne eg gjera forat livet skulle bli betre?
Eg måtte sjå framover og tru at livet kunne bli annleis. At syskena mine skulle ha det godt var både håp og oppgåve. På Vestly skule var eg einaste jente i klassen. Læraren min inspirerte meg til å syngja og opptre. Seinare fekk eg syngja mykje i kyrkja. Organisten i Time kyrkje såg meg. Har ikkje tal på alle julegudstenestene eg fekk syngja på. Trur det skjedde i 10 år. Ved begravelsar og diverse andre arrangement fekk eg også vera med. Eg song solo eller saman med venninna mi, Ane Søyland. Slik blei eg vél kjent med kyrkjeromet, og det var alltid godt og trygt å vera der.

**Time kulturskule** er også lysande blad i minneboka. Sjøl om det kunne vera «ivesamt» å sykla frå Time til Lye og Bryne, var det aldri aktuelt å slutta. Så har det vore naturleg for meg å vera åpen og dela tankar med andre. Trur eg alltid har hatt eit forskar-gen og derfor drive dialog med meg sjøl: kva kunne livet by på der framme eingong? For krisesituasjonar skaper spørsmål: har eg krefter til å forandra livet og få utsyn til ei god framtid, krefter til å bli jorda?



Jazzvokalisten på scenen. Foto: privat

**Samhald i syskenflokken**
Då mor døydde vart syskenforholdet tettare. Me trong kvarandre på ein ny måte. Og Moster, som liknar veldig på mor, har me alltid kunna lena oss til. Men



Snart kallar kyrkjeklokkene.Signe Irene ved pianoet i Time kyrkje.
Foto: Jærbladet

mor er alltid mor. Eg har sakna og saknar henne. Nå er minna ei skattkiste for meg og oss. Det same er håp og tru på at gode ting skal skje i livet.

**Jul 2021 – ei ny julehelg ventar**
Når julehelga igjen står for døra er me saman om minna og tanken på henne som manglar. Den tome plassen er alltid der, og eg «høyrer» stemmen. Manglar, ja. Eg skreiv for mange år sidan ein julesong som eg også framførte i kyrkja i lag med Ane. Det er ikkje ein song eg har brukt sidan, den høyrer til ei anna tid. Men eg likar frasen «den jula du lærde meg, den falmar aldri».

**Til den som manglar**
*Det brenn eit savn i ein, ei uro famnar mi lei*
*Ein mildhet ser ned, det strålar av fred*
*Eg minnes ei juletid, då me var samla.*

*Det sig ein stillhet på, alt ute kviler for nå,*
*og levande lys, gløder så sky*
*Det kviskrast frå kvelvingen, ei julehelsing.*
*Ei jul for å samlast, ei jul for å dela alt kjært,*
*kom jul med ditt mot, din varme ro*
*For eg lengtar kvar juletid, til den som manglar.*

*Den julen du lærde meg, den falmar aldri.*

Det kjem ei ny jul kvart år, men minna om jula som liten er mest jul. Eg likar nok betre å tenkja framover enn bakover. Men når det gjeld jul, tar eg etter tradisjonar mor mi forma. Det er vel både litt trøyst og litt glede i det.

Ettersom åra kjem på forstår og veit eg at ikkje alle opplever julefeiringa som bare god og lys. Motbakkane på livsreisa vert i mange hus ekstra tunge og mørke i skinet frå dei tusen  julelysa.

I barne- og ungdomsåra var det ekstra gildt for meg å få syngja på den vaksne julaftans-gudstenesta, kl. 17.00 i Time kyrkje.

**Kjære lesar!** Har du nokre år på nakken som Timebu og er blant dei som ned gjennom åra har starta julefeiringa julafta kl. 17.00 i Time kyrkje?

Då har du minne om jenta som song, og barnerøysta som utvikla seg år for år. I dag har akkurat ho fleire yrkestitlar: jazzvokalist, komponist og freelance-musikar. Ho er også lektor i utøvande musikk.

**Signe Irene har vore i alle verdsdelar utanom Amerika. Nå drøymer ho om garden på Time.** Denne overskrifta las me iJærbladet november 2017. Altså er kvinna og kunstaren som sit saman med oss ikkje bare karriere-menneske på veg til diva-status. Samtalen har vore jordnær, prega av omtanke og omsorg. Ho har fortalt om alle gode medmenneske langs livsvegen, som både såg og brydde seg. Det er uråd å rekne opp namn her. Men ho er uendeleg takksam.

Karrieren starta på Vestly skule, i Time kyrkje og med oppdrag for Time kulturskule. Ved å googla namnet hennar i dag kjem opplysningane på rekke og rad, fylgt av supre adjektiv. Ho har markert seg som jazzvokalist, songskrivar og komponist. Ho har vore Spelmannsnominert i samtidsmusikk-klassen. Ho har spelt med fleire av Norges fremste jazzmusikarar og spelt på samtlege jazzfestivaler i landet, og på scenar utanlands.

Likevel, -- Signe Irene er like vaskekte som sist me møttest, ei gardajente frå Nera Time. Draumen lever også sitt grøne liv: At huset på Time, som ho disponerer i dag, skal bli den faste basen i livet eingong.

**Takk, Signe Irene, for tankane du har delt med Helgedagen sine lesarar. Takk for du så tydeleg har minna oss om at levd liv er læring.**

(Samtale mellom Signe Irene, Oddny Underhaug og Else-Marie Bue.)

# Julefeiring i Sierra Leone

Dennis Kanu vart fødd i Gbendenbu – ein liten landsby nord i Sierra Leone – i ein søskenflokk på 4, der to er døde. Dennis har budd i Noreg sidan 2002. Han arbeider som pedagogisk medarbeidar i ein barnehage i Stavanger. Sommaren 2021 flytta han og kona Elin Underhaug Kanu til Bryne.

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD FOTO: PRIVAT

**Kristne og muslimar**
I byen der Dennis vaks opp, var det ein Misjonsskule for vaksne. Far hans gjekk der. Det var European Baptist Mission som dreiv skulen. Studentane der var med og oversette Bibelen til temne – Dennis sitt morsmål. Det var lærarar frå blant anna Tyskland og Sør-Amerika på skulen. Sierra Leone er landet i Afrika som er kjent for gode relasjonar mellom muslimar og kristne. – Eg kjenner mange kristne som har gifta seg med ein muslim. Presidenten vår er kristen og kona er muslim, fortel Dennis.

**Juleførebuing**
– Alle feirar jul – på ein eller annan måte, fortel Dennis.

Elin, kona til Dennis, som sjølv arbeider med musikk, er imponert over Dennis sitt repertoar av julesongar.

– Ja, i Sierra Leone blir det spelt julemusikk overalt i heile desember, konstaterer Dennis.

Dennis sin oppvekst i ein baptistkyrkjelyd, pregar sjølvsagt hans juleminne. I kyrkjelyden hans startar ungdomsgruppa å øva på julesongar dei to første vekene i desember. Så skriv dei brev til medlemmer og familie og fortel at dei vil koma og syngja på avtalt tid utanfor huset deira. Ungdommane syng frå klokka 24 til klokka fem om morgonen dei to siste vekene før jul. Folk står opp, kjem i døra og gir pengar til ungdomsgruppa. På gudstenesta to veker før jul, vert det skrive lappar der det står namn på ulike matrettar. Kvar familie trekkjer ein lapp. Matretten som står på lappen, skal familien ta med seg til julefesten – ein stor porsjon!

**Christmas Watch-night feirer dei 24. desember.**
Klokka 22–24 samlast alle i kyrkja. Dei ventar på jul!
Drikk kaffi, te, et frukt og grønnsaker. Det er andakt, dei syng julesongar, og dansar til akkompagnement av trommer. Barn og vaksne er med. Alle har pynta seg. Kyrkja er pynta med ballongar, papirpynt i alle fargar, gull og glitter. Klokka 24 er det stor glede med song og dans – ute og inne.

– Nå er jula kommen! seier Dennis og smiler.

**Hovudfeiringa - ein kjærleiksfest**
Til julegudstenesta 25. desember tar alle med matretten dei har laga og set på eit buffetbord. Maten skal vera klar til festen etter gudstenesta. Då kan det vera opp til 300 menneske tilstades. Det er ein kjærleiksfest – alle får koma – sjølv om dei ikkje har laga mat.

– Her kan folk bli så lenge dei vil. Me syng saman, prisar Gud, ser film om Jesu fødsel, og så et me saman.

Sjølv om julegudstenesta ikkje startar før klokka 11, har mange alt vore med mat til muslimar i nabolaget. Muslimar tar imot og ønsker "God jul!"

Slik gjer òg muslimane når dei feirer Id. Dei leverer mat til dei kristne.

**Offerkonkurranse**
Gudstenesta 25.desember kan vara opptil tre timar. Alle gruppene i kyrkja har øvt inn ein song. Etter tur får dei koma fram og syngja, mens tilhøyrarane kjem og legg pengar i korga deira. Pengane vert talte opp. Det er konkurranse mellom gruppene om kven som får mest pengar i korga. Gruppa som vinn, får premie - eit banner som dei heng på sin "vegg" i kyrkja. Pengane går til arbeidet i kyrkja.

## SIERRA LEONE

Liten republikk på den afrikanske nordvestkysten

**Folketal:** ca 8 millioner
**Religion:** 77% muslimar, 21 % kristne, 2% afrikanske religionar
**Hovudstad:** Freetown
Engelsk koloni frå 1796-1961
**Offisielt språk:** engelsk

I tillegg 17 andre lokale språk
Krio (kreolsk) felles språk som mange skjønar



Dennis Kanu.




Sierra Leone – eit lite land i Afrika

26. desember kaller me "Boxing-day" – da har me sosialt fellesskap på stranda med venner og familie. Kanskje har me boksekonkurranse.

Denne dagen blir òg kalla Wrestling-day. Det er brytekonkurranse mellom landsbyar, og mange ser på og heiar.

*I Noreg er mat ein viktig del av julefeiringa. Fortel om dykkar julemat.*
– Me et kjøtt av kylling, geit, villsvin og mange slags fisk. Ris og søtpotet høyrer med. I Sierra Leone bruker me òg mange sortar grøne blad i kosten. Me har ingen tradisjon med kaker, og dessert er alltid frukt, fortel Dennis.

*Er det noko du saknar i julefeiringa i Noreg?*
– Ja, smiler Dennis, eg saknar å kunna gå på stranda i varmen med venner, og så saknar eg geitekjøtt.

*Kva synest du er den største skilnaden på julefeiring i Sierra Leone og Noreg?*
– I mitt land feirer me i kyrkja og ikkje i familien slik som her. Og einaste gåva me kan gje til andre er mat, seier Dennis bestemt.

Takk, Dennis, fordi du minna oss på at jula er ein kjærleiksfest!




Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knyter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med alkohol- og rusproblemer?

*Send VIPPS til 13130* (valgfritt beløp)
*Send SMS "BK VENN" til 2210* (kr 100)

Blå Kors

# Familiefokus – Gudsteneste med

I Helgedagen rett før sommarferien stod det ein artikkel om Rosselands-prosjektet og litt om at det etter kvart gjekk over til Familiefokus i Brynekyrkja.





TEKST: JOSTEIN AA. TOLLAKSEN
FOTO: LEIF CHRISTIAN HARBOE

I denne artikkelen set me lys på korleis det har gått med dette prosjektet og korleis det lever i beste velgåande – midt i Brynekyrkja i dag. Familiefokus er i dag eit stort og levande gudstenestefelleskap, med gudsteneste søndag kl. 11 ein gong i månaden.

**Så kva er det som skil desse gudstenestene frå dei andre gudstenestene i Brynekyrkja?** Dei er laga fullt og heilt av barn og for barn. Det vil seia at barn er heilt sentrale i planlegging og gjennomføring av gudstenesta. Barn tek del i ringing, lystenning, dans, drama, bønner, tekstlesing, lovsangsteam, nattverdmedhjelpar og er med og lyser velsigninga til slutt.

**I dette opplegget er "Etter skuletid" ein sentral del.** Tysdagen før det skal vere Familiefokus, har me "Etter skuletid" der me samlar 15-20 barn som kjem direkte frå skulen for å vere med å lage gudsteneste. Dette er eit opplegg som er ope for alle frå 3. til 7. klasse. Me startar kl. 13. med felles pizza, og dei to neste timane går det slag i slag med øving på dansar, planlegging av drama, skriving av bønner og øving på tekstlesing. På denne måten får barn og unge som er frå 3.–7. klasse vere med å prege gudstenesta veldig tydelig på sin måte. Nokon av dei eldste i denne gruppa har ein funksjon som "Crew" og er med og lærer dei andre nye ting. Når denne gruppa går heim frå samlinga, har alle fått oppgåver til gudstenesta på søndag.

Søndag morgon kl. 08:30 medan, det ennå er mørkt ute...
Dei første begynner å kome til kyrkja for å rigge til gudsteneste.

**Familiefokus er eit stor arrangement** som krev mykje folk og stor grad av involvering, og i akkurat dette ligg kanskje nøkkelen til at Familiefokus lukkast så godt som det gjer.
Involvering, eigarskap og aktiv deltaking er nøkkelord for dette konseptet.

Det blir ikkje bare drive fram av nokre få, men av ein stor gjeng med frivillige som "eig gudstenesta" og er med og tek aktiv del.
Det er riggarar som klargjer salen, kjøkkengjengen som førebur kyrkjekaffi og møter alle i døra med ein kaffikopp når dei kjem, teknikargjengen som står for lyd, lys og kamaraproduksjon til storskjerm, lovsongsteam med songarar og musikarar, dekorgjengen som pyntar og byggjer kulisser, og mange hjelpande hender som skal finne fram kostymer, øve litt ekstra med nokon som er litt nervøse, og gjere klar dei siste tinga før dørene blir opna for fullt.

Frå kl. 09 går det slag i slag.
Alle dei ulike gruppene har fått sett opp tid for øving. Først ut er lovsongsteamet som skal stå for musikken på gudstenesta, og så følgjer dei ulike gruppene i tur og orden - dansarar, dramafolk, tekstlesarar, lystennarar mm.
Kl. 11 startar gudstenesta, og sjølv om det er mykje innhald, mange innslag og normalt også nattverd, så er vi i mål med gudstenesta på ca. ein time. Etter gudstenesta er det kyrkjekaffi og hoppeslott for dei minste oppe i kyrkjesalen, og speling og aktivitetar for dei som er litt større nede i kjellaren.

Så lurer du kanskje på om ikkje dette kunne vore gjort litt enklare med mindre folk?

# involvering og aktiv deltaking








Klart det kunne det. Me lagar mange gudstenester i Brynekyrkja som blir gode gudstenester med å bruke mange færre frivilige, men akkurat på denne gudstenesteprofilen, der aktiv deltaking og involvering er ein sentral verdi, er dette viktig. Det gjer at mange har eigarskap til gudstenesta og går regelmessig i kyrkja.

**Kven passar så denne gudstenesta for?** Er det bare for barnefamiliar sidan han har ein slik profil? Me er tydelege på kven som er hovudmålgruppa for denne gudstenesta. Ho er laga slik at det skal vere godt og greitt å kome med barn og unge, og at det skal vere heilt greitt at dei minste ikkje treng sitje stille heile tida. Me både tåler og likar litt bevegelse og liv og røre i gudstenesta. Det er ein god ting. Men så opplever me òg at det kjem ein god del "godt vaksne" og eldre, som opplever at dette er ei fullverdig gudsteneste, og som likar å sjå at det blomstrar og yrer av liv i kyrkja. Det kjem kommenterar etter gudstenesta. "Det er dette som er framtida". "Utan dette døyr det ut etter oss."

Me er i den heldige situasjonen at me har mange unge/vaksne i Brynekyrkja, og det lovar veldig godt for framtida. Me er optimistiske og ser lyst på vegen vidare både for store og små. Frå januar av startar me opp endå ein ny gudstenesteprofil, som kjem til å plassere seg midt i mellom Familiefokus og den "vanleg gudstenesta" – Gudsteneste for store og små. Denne kjem òg til å involvere mange, så arven og verdiane frå Rosselandsprosjektet, med involvering og aktiv deltaking – han lever vidare gjennom Familiefokus og etter kvart gjennom Gudsteneste for store og små.

nr. 59 i NoS

# Nå vandrer fra hver en verdens krok

1. Nå vandrer fra hver en verdens krok i ånden frem, i ånden frem et uoverskuelig pilegrimstog mot Betlehem, mot Betlehem.
2. Se barna går foran glad i flokk så kvinner og menn, så kvinner og menn Selv skjelvende gamle tar sin stokk til krybben hen, til krybben hen.
3. For alle har samme hjertetrang til julens fred, til julens fred Guds kirke i Norge ved våg og vang følg med, følg med, følg med, følg med.
4. Og finner du ham i krybbens hø som hyrder så, som hyrder så da eier du nok til freidig å dø og leve på, og leve på.

Jonas Dahl 1895



# Jonas Dahl



Stavangermannen **Jonas Dahl** var prest og forfattar. Han skreiv denne julesongen ca. 1895, og sonen, Fasmer Dahl, som var musikar, tonesette han. Var det ein smålåten julesong frå starten? I mange år eksisterte han på trykk bare i presten Jonas Dahl sine eigne skrifter og songbøker. I «Stevnemøte med Salmeboka» kan me lesa fylgjande om julesalmen me kjenner så godt i dag:

Etter at Jonas Dahl i 1907 var blitt sokneprest i Ullern menighet i Kristiania, utgav han en egen salmebok, Norsk Salmeverk. Den ble tatt i bruk i Ullern, men ikke i noen annen menighet. I Landstads reviderte salmebok (1926) hadde han 23 salmer, men «Nå vandrer fra hver en verdenskrok» var ikke med der. Den kom først inn i Norsk Salmebok i 1985.

Denne salmen arbeidet Dahl med i flere omganger. Den første kjente versjonen ble trykt i et julehefte i 1895.

Han har kanskje sett for seg en julaften da folk strømmet ut av hjemmene sine og gikk i retning av kirken. Det ble et tog av store og små, unge og gamle. De var på vei for å høre om barnet i krybben i Betlehem.

